

Eyre – Øhre - Øyre (gnr. 30)

Eyre: Gardnamn som tydeleg viser til eyrr, sandøyr opplagd ved ein elve-os. Elva det her gjeld er Øyreselva, i fjern fortid truleg kalla Ving. Gard-namnet er av dei som fekk ei heilt ulik utvikling i bygdemålet og i skrift. Det gjeld især for namn med den gamalnorske tvilyden ey. Gode døme er: Øyre og Røyne.

Det er i diplom av 1354 og 1373 at gardnamnet er skrive etter uttalen Eyre. I 1354 er det elles fortalt at brukaren på garden da heitte Amunder. I eit diplom av 1471 er gardnamnet skrive Øyræ. Det er i dette fornbreve det er fortalt at husbonden her på Øyræ, Halvarder Eivindsson, da var reist på pilgrimsferd til Roma. Men brevet fortel og vidare at dersom husbonden ikkje kom tilbake, så var dette hans siste vilje: at Thord Thordson skulle ha att odelsjorda si i Østre Steinof. Det var kona til Halvard, husfrua på Øyræ, Sigrid Halladotter, som i vitners nærvær fortalte dette.

Ikkje minst var skrivemåten av gardnamnet svært ustø i tidsrommet frå 1470 til 1668. Ved innkrevjinga av ekstraskatten Gjengjerden i 1528 er det såleis fortalt at "Godenn paa Øre" svara skatten i sølv som dei fleste andre. I 1577-78 er det oppgitt at Øre var bispegods og låg med ei landskyld av 2 huder under bispesetet på Hamar. Ved utlikninga av tiendekorn i 1604 var "Øri" ein av dei største korngardane i bygda og svara sine 4½ tønne i tiende. Det var da berre 2 andre gardar i heile Fåberg som hadde ei større utlikning: nemleg Hoff og Rønne med kvar si utlikning på 6 tønner.

Tre år seinare er brukaren på garden kalla Niels Ørre, og det er oppgitt at han sjølv åtte jordegods til 1½ huds landskyld, men at jordegods til 2 huder i garden var krongods. Etter det skulle altså den samla landskyld av Øyre i den tid vera 3½ hud. Fire år seinare er elles brukaren Nils kalla Neels Are, og han vart da ført i gruppa for "Leylendinger" side om side med "Rasmus Bollum" og "Halldor Raffnum".

Etter atter 3 år var det i 1612-13 vorte kvinneleg brukar på Øhre, nemleg Ingeborg Øhre, som sjølv hadde 2 huder bondegods og dessutan bygsla og brukte 3 huder krongods. Av 1622-23 går det elles tydeleg fram at Ingeborg var enka etter Niels Øhre, og at dei hadde to søner, Arne og Mogens Nilssøner "av Øre som deres mor bodde på og fradøde". Etter det finn ein i odelsmannsmanntalet av 1624 fortalt om brørne på Øre at "Arne Øre med tvende brødre eiede i bemeldte Øre 2 huder". Arne og Mogens Øre brukte så ættegarden isaman i 1626, men i 1630 var visstnok garden delt, for det er da fortalt at "Arne Ørre" åleine betalte leiglendingsskatten med 2 dalar 1 mark.

Om usemje mellom grannar fortel elles lista over "Sagfald 1632-33". "Peder Bolling" hadde da slåss med "Arne Ørre, så han blev blå og blodig" og måtte for det betale 1 dalar i bøter. Av Akershus lensrekneskap går det elles fram at Arne og Mogens Øhre framleis brukte garden isaman også i 1634-35, og at krongodset i garden da var 4 huder. Av lista over ekstraskatten Kopskatten 1645 går det dessutan fram at baa brørne da var gifte og tilsaman svara skatt for 3 Mandfolch og 1 Quindfolch med tilsaman ½ dlr. 16 skl. i pengar

Krig som det var i den tid, kom i 1657 ein ny ekstraskatt, Kvegs skatten 1657, så kalla fordi krøtertalet vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. Nytt her om grd. Øre er elles at det da er oppgitt at Øre var delt og at brukaren på den eine garden heitte Nils og på den andre Oluf. Vidare er det oppgitt at buskapen hos Nils i den tid var: 1 hest, 2 hopper, 13 naut, 20 sauer og

1 gris. Og tilsvarande var husdyrhaldet hos Oluf: 2 hopper, 5 naut og 4 sauer. Om brukarane er dessutan i Mannkjønnsmanntalet for 1665 oppgitt at med farsnamn heitte den eine av brukarane egentleg Oluf Arnesen og var 46 år, og den andre heitte med farsnamn Nils Mogensen og var 40 år. Samla hadde garden Øre også da ei landskyld på 4 huder, og Øre var da ”rytterhofffuitquarter”.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Øre” vidare fortalt at Nils og Arne da atter hadde garden isaman, og at den samla landskyld framleis var 4 huder, men av dette var framleis jordegods til 1 hud 1½ pund fisk krongods, medan resten var bondegods og tilhørde oppsittarane. Buskapen av store husdyr på Øre var da 6 hestar og 32 storfe, og korntienda vart utreidd med 4 tønner, som altså svara til ei årsavling på 40 tønner. Om garden og gardsbruket merker ein seg elles at ”Engen er goed, Schoug till gaardt Nøtte, Suesetter til Sommerbeed”. Vidare merker ein seg og at garden hadde eiga kvern, sikkert i Øyreselva.

Frå den tid er det og fleire rettssaker som gjeld grd. Øyre og folket der. Av 1669 er såleis ei tinglyst kontrakt som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Øire i Fåberg.
20. novb. 1669.

Niels og Olluff Øre lot lese en kontrakt opprettet mellom Boell Øre og hennes brorsønner, hvorved hun inngir sig til dem, mot å overdra dem sin eiendom av løst og fast. Dat. 7. mai 1668.”

”Boell” var ikkje så sjeldan brukt som kvinnenavn i den tid.

Frå femten år seinare er eit samantrengt tingsvitnemål som og etter utskrift er bokført slik:

”Øire i Fåberg.
Mellem i Fåberg 29. april 1684.

Niels Øre og Peder Øre fremkom for Retten med vemodig klagemål om at deres gård som skylder 4 huder ved ildebrand er ganske avbrent, hvorom de begjærte tingsvidne:”

Ein merker seg elles at da var det altså Nils Øre og Peder Øre som hadde og brukte garden isaman.

Ei tredje sak frå den tid handlar om bortbygging av jordegods under Øyre og er etter utskrift av tingboka sålydande:

”Øire i Fåberg.
Tollersrud i Fåberg 8. mars 1686.

Olle Arnesen Ørre har innstevnt Halvor Hansen fordi han uten hans lov og minde har frabøkslet ham i huds gods i grd. Ørre.

Forlik: Halvor Hansens Bøkseseddell, utstedd av Friderich Davidsen, inneholder at Halvor Hansen er tilbøkslet 2 huder. Dette strider mot parternes avtale da Olle Arnesen kun oplot den ene hud. Parterne blev forlikte om at Olle Arnesen skal nyde den ene hud enten til eget bruk eller om han vil oplate den til sin søn.”

Etter "Rulle over Gulbrandsdalens fogderis soldatlægder 1693" tilhørde Øre da 5. lægd i Fåberg sogn saman med Wottestad, Rafneberig og Biercke, og dei rulleførde soldatar på Øre var: "Mogens, gaardsbunden selv, 40 år, og Tore Søfrensen, tj.dreng, 24 år"

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Øre" vidare fortalt at det atter hadde vore brukarskifte på garden, og at den nye husbonden da ikkje berre var brukar, men og eigar av garden. Amund Christophersen heitte han og skulle vera født kring 1673. Og elles fortel så matrikkelframlegget av 1723 at "Øre" ligg i sollia og er tungbrukt, men jordarten der er god. Husdyrhaldet var i den tid: 3 hestar, 2 føl, 26 naut, 20 sauer og 2 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 9 tønner bygg og 1 skjeppe rug. Det var heller lite med skog, men sætra hadde god hamn, og høyavlinga var i vanleg gode år kring 40 lass. Det er vidare oppgitt at kverna framleis var i bruk, men berre slik at dei framleis mol til "huusnøtte".

Om husbonden Amund Christophersen er elles å fortelja at han var fødd kring 1762, at han gifta seg med Kari Monsdtr. og at dei fekk 8 born, nemleg: a. Christopher født 1712, b. Guri f. 1712, c. Christen f. 1719, d. Randi f. 1720, gift 1742 med Ole Paulsen Hov, e. Mogens f. 1722, f. Svend f. 1725, g. Jon f. 1729, h. Sønnøv f. 1732.

Men i 1745 var husbondsfolka Amund og Mari Øyre vorte samnde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. Ved dette skiftet som var på "Øre i Faaberg" den 1. juni same året, vart jordegodset grd. Øre av skyld 4 huder verdsett til 500 rd., og arvebuet utgjorde netto 1296 rd., som var nærast stor velstand i den tid.

Frå fire år seinare er eit dødsbuskifte som for busettingssoga her har ei eiga interesse. Men dette skiftet, som vart halde den 21. april 1749, var ikkje på Øyre gard, men på bruket "Øire under Gaarden Øire i Faaberg". Høgst truleg låg dette bruket Øire under Øire gard på dei same tufter eller like ved der som grn. 30 brn. 3 Odden nå ligg.

Eldste sonen på Øyre gard, Christopher Amundsen, f. 1712 gifta seg i 1746 med Gunhild Eriksdtr. Onsum, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var:

- a. Amund f. 1747,
- b. Beret f. 1749, gift 1772 med Torger Torgersen Skjelrud, som var husmann ved Øyre i 1801,
- c. Kari f. 1752, gift 1772 m. Amund Johannessen Traaset nordre,
- d. Erik f. 1754, gift 1784 m. Ingri Christensdtr. Raanrud,
- e. Nils f. 1757,
- f. Guri f. 1764 gift m. Christen Johannessen Traaset.

Av interesse her er ei bevillingsseddel av 12. juni 1748, som etter utskrift har denne ordlyden:

"Øere.

Bevillingsseddel dat. 12. juni 1748 tgl. s.d. Foged Christen Pram fornyer og bevilger for nuværende opsidder av gården Øere i Fåberg prestegjeld Christopher Amundsen en engeslette på ½ lass hø, 1 lass hø på Svee Setteren og 2 lass hø på gammel Setteren tilsm. 3½ lass hø for 7 s. i årlig og sædvanlig avgift til Kongens jordebog for 20 år".

Etter opplysningene her hadde Øyre altså i den tid seterrett både på Svesetra og på Gammelsetra.

Om stor skadeflom i Øyreselva fortel ei synfaringssak av 1768. Saka er elles etter utskrift av tingboka bokført slik:

”Øire i Faaberg.

Besigtigelse på grd. Øre efter forlangende av oppsidderen Christopher Amundsen over den skade hans gård er tilføiet på aker og eng ved elvebrudd og jordskred. Oppsidderen hadde efter den skade som gården hadde lidt i 1760, nydt 8 års skattefrihet. Han hadde efter evne strebet for å istandsette det ruinerede, hvilket dog overgikk hans krefter, og forrige år den 17. august hadde Øreselven på den nordre og Bolengsbekken på den søndre side av gården igjen gjort sådan skade, at gaarden neppe igjen kan komme til å utrede utgifter som et dragonkvarter for 4 huder.

Eragtet: Saken på grd. Øre, som dessuten er ringe for sin matr.skyld, er så stor at oppsidderen med sine mådelige midler ikke kan sette den i stand. Imidlertid finner retten det betenkelig å proponere noget avdrag i gårdens skyld, da det muligens kan finnes steder hvor rydning og dyrkning på ny kan anlegges. Vil Hans Mait. forunde oppsidderen 5 års skattefrihet av skylden, 4 huder, kunde han få råderum til å utse sig sådanne steder og anvende arbeide derpå.”

Husbonden Christopher Amundsen var framleis brukar på Øyre i 1771. Han og husfrua Gunhild Eriksdtr. heldt da skifte med borna sine medan dei baa, foreldra var i live. Ved dette skiftet på ”Øire i Faaberg” den 10. april 1771, vart jordegodset grd. Øyre av skyld 4 huder taksert for 700 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1046 rd. og netto 831 rd. Arvingane ved skiftet, dei 6 før nemnde born, var alle framleis i live, og samtidig ved skiftet overtok så sonen Amund f. 1747 ættegarden Øyre og gav føderådskontrakt til foreldra.

Den nye husbonden Amund Christophersen f. 1747 som dermed tok over som eigar og brukar av Øyre, gifta seg med Beret Eriksdtr., og dei fekk 4 born, nemleg:
a. Kari f. 1773, b. Anne f. 1775, c. Christopher f. 1777, død før 1801, d. Gunhild f. 1778, død 1779.

Om hamning i sameige handlar ei sak av 1785-86. Saka er elles etter utskrift av tingboka framstilt slik:

”Fåberg 11. oktb. 1785

Amund Øhre, enke Marit Boleng, Amund og Peder Haav, Amund Traaset for Lien, Jens Waatestad, Ole Bratberg, Niels Furu og Christen Mæhlum har til et tingsvidneserhvervelse innstevnt Halvor Qvahl ang. en forening om havning i deres gårders sameie og at innstevnte ikke vil etterkomme denne forening.

De innstevnte vidner gives laugdag.

Fåberg 18 febr. 1786.

Et par vidner hadde hørt citanterne beklage sig over at innstevnte Halvor Qvals kreaturer kom tilbake til sameiemarken fra sæteren før de andre og hadde hørt parterne bli enige om at alle skulle komme samtidig. Halvor Qval forbandt sig mundtlig til at være med på denne forening, men ville ikke være med på noen skriftlig kontrakt.

Halvor Qval mente saken burde behandles på åstedet. 2-3 vidner opplyste at Halvor Qvals kreaturer var kommet til sameien 2 dage før de andre.

Tingsvidnet ble derefter avsluttet.”

Amund Christophersen brukte Øyre til 1798, da han skjøta garden over til svigersonen sin, Arne Arnesen Lundgaard, som var gift med Kari Amundsdr. Øre f. 1773. Dei fekk elles i sitt ekteskap ingen born.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 6 familiar på og/eller ved Øyre. Dei 6 familiane var:

1. Familie:
 1. Arne Arnesen, husbonden, 36 år,
 2. Kari Amundsdr., kona hans, 28 år,
 3. Halvor Pedersen, tenestkar, 21 år,
 4. Baard Nielsen, tenestkar, 18 år,
 5. Anne Erichsdr., tenestkvinne, 23 år,
 6. Eli Amundsdr., tenestkvinne, 21 år
 7. Marthe Pedersdr., legdbarn, 13 år,
 8. Arne Guttormsen, legdslem, 82 år.
2. Familie:
 1. Amund Christophersen, føderådsmann, 54 år,
 2. Berit Christophersdr., kona hans, 56 år,
 3. Anne Amundsdr., dotter deres, 25 år.
3. Familie:
 1. Torger Torgersen, husmann med jord, 50 år,
 2. Berit Christophersdr., kona hans, 52 år,
 3. Kari Torgersdr., dotter deres, 13 år.
4. Familie:
 1. Lars Olsen, husmann med jord, 64 år,
 2. Anne Pedersdr., kona hans, 57 år.
5. Familie:
 1. Johannes Hansen, husmann med jord, 26 år,
 2. Gunild Bjertesdr., kona hans 37 år,
 3. Anne Torgersdr., dotter til kona, 10 år,
 4. Berthe Johannesdr., dotter til baa, 5 år,
 5. Marit Nielsdr., mor til kona, ”Nyder almisse af Sognet”.
6. Familie:
 1. Jens Christensen, husmann med jord, 44 år,
 2. Marit Larsdr., kona hans, 41 år,
 3. Christen Jensen, son deres, 12 år,
 4. Lars Jensen, son deres, 10 år,
 5. Sedsill Jensdr., 7 år,
 6. Guri Jensdr. 3 år.

Husbondsfolka Arne Arnesen f. Lundgaard og Kari Amundsdr. Øre fekk som før nemnt ingen born, og dei tok da til seg Arnes brordotter Karen Simensdr. Boro f. 1803, som i 1828 vart gift med Christian Jørgensen Sorgendal f. 1803.

I mellomtida kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med nyare opplysningar om gardane. Der er det om ”Ørre” oppgitt av buskapen av store husdyr i den tid var 6 hestar og 30 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 112 tønner.

Frå året etter finn ein i 1820 husmannsplassen ”Øresbakke i Faaberg” omhandla. Kona der, Gunild Bjartesdr., var da død, og det var skifte på Øyresbakken. Arvebuet ved skiftet, som sikkert var utan jordegods, utgjorde brutto 42 rd. og netto 15 rd, og det går elles fram at alle dei tre døtrene etter avdøde Gunild: Anne, Berte og Marit, framleis var i live.

Etter atter 6 år var det i 1826 og dødsbuskifte på ”Øhre” gard i Fåberg, der den avdøde var føderådsmannen Amund Christophersen, far til husfrua Kari Amundsdr. Ved dette skiftet var det framleis velstand i ætta, og arvebuet utgjorde brutto 787 rd. og netto 624 rd. Etter dette

brukte husbonden Arne Arnesen sjølv Øyre gard til i 1828, da han gav skjøte til Christen Jørgensen f. Sorgendal, som altså var gift med Kari Simensdtr. Boro.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 55 "Øyre", som namnet der er skrive, fekk da som si nye matrikkelskyld: 18 skylddalar 1 ort 1 skl., og det var da framleis Christen Jørgensen som var eigar og brukar av Øyre.

Christen Jørgensen Øhre, som han skreiv seg, brukte så sjølv garden vidare til i 1861, da han skjøta Øyre over til svigersonen H. O. Lundgaard, som var gift med dottera Kristine Christensdtr. f. 1836.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 kom det fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om løpenr. 55 Øyre vidare oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 452 mål, og av dette var 167 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Øyre gard i den tid var 7 hester, 22 storfe og 23 småfe, men dertil var husdyrhaldet på husmannplassane til garden tilsm. 14 storfe og 42 småfe. Først på same måten var den årlege utsæd på sjølve garden Øyre: kring 13½ tønner korn og 21 tønner settepoteter, men dertil var den årlege utsæd på husmannsplassane tilsm.: kring 5½ tønner korn og 5½ tønner settepoteter.

Ni år seinare var det i 1874 skylddelingsforretning på Øyre, og eit jordstykke av skyld 2 ort 4 skl. vart fråskilt garden og selt til skolejord.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Garden Øyre fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 30 av samla skyld 23,95 mark, og det var altså da vorte to bruksnr. under gardsnr. 30 Øyre, nemleg:

- a. grn. 30 brn. 1 Øyre av skyld 23,23 mark, som framleis H. O. Lundgaard var eigar og brukar av.
- b. gnr. 30 brn. 2 Skolejord av skyld 0,72 mark, som tilhørde Fåberg kommune.

To år seinare skjøta i 1888 husbonden H. O. Lundgaard grn. Øyre, framleis av skyld 23,23 mark over til Karl H. Lundgaard for kjøpesum kr 12.000,- + eit føderåd av 5-årlig verdi kr 3.000.-.

Etter atter to år var det i 1890 ny skylddelingsforretning, og ein parsell brn. 3 Odden av skyld 0,19 mark, som samtidig vart seld til Ole O. Borud for kjøpesum kr 800,-. Om dette brn. 3 Odden er elles å merke seg at det heilt sikkert ligg på dei same tufter eller like ved den plassen "Øire under Gaarden Øire i Faaberg" låg i 1749.

I manntalet for kommunevalet i 1907 er nemt fleire av dei bruk som i si tid låg til grd. Øyre. I alt budde det i 1907 tjugetre personar med røysterett på og/eller ved Øyre med dei tilliggande bruk. Dei 24 røysteføre personar var:

1. gardbr. Karl Hansen Lundgaard, 47 år,
2. føderådskone Kristine Kr. Lundgaard, 72 år,
3. Bertil Hansen Lundgaard, 39 år,
4. tenestkar, Ole Mathiassen, 48 år,
5. husmann Olaus Kristiansen Lilleengen (Vesleengen), 50 år,

6. Anne Pedersdr., kona hans, 48 år,
7. husmann Kristian Johansen, Flaten, 51 år,
8. Anne Hansdr., kona hans, 53 år,
9. Johan Kristiansen, som deira, 25 år,
10. husmann Mathias Olsen Øreshagen (Øyreshågån), 54 år,
11. Jonatine Pedersdr., kona hans, 55 år,
12. husmann Simen Olsen Brettengen, 52 år,
13. Sina Pedersdr., kona hans, 52 år,
14. husmann Kristian Johansen, Viken, 54 år,
15. Johanne Johannesdr., kona hans, 54 år,
16. skinnfeldmaker Torvald Torgersen, Øyresbakken, 56 år,
17. Karen Hansdr., kona hans, 54 år,
18. Ole Torvaldsen, skinnfeldmaker, 30 år,
19. husmann Matias Nilsen, Stintrud, 36 år,
20. Anna Olsdr., kona hans, 31 år,
21. mekaniker Ole Olsen Borud, Odden, 49 år,
22. Elise Pedersdr., kona hans, f. Hov, 47 år,
- 23 lærar Ole K. Skattebo, Øre skole (Øyres-Skulen), 68 år,
24. Ingeborg Olsdr., kona hans, 63 år.

Ein merker seg at dette var enda i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Karl H. Lundgaard som i denne tid var eigar og brukar av Øyre, var mye med i det kommunale liv og var såleis ordførar i Fåberg både i tidsrommet 1901-07 og i 1910-13. Ein annan kjend mann som budde her på gamle Øyres grunn i 1907 var mekaniker Ole Olsen Borud, som gjekk for å vera ein sær sars innsiktsfull mann i sitt yrke. Det er her på dei same tufter på Odden at sonesonen kjemiingeniør Ole Olsen Borud nå i 1964 bur og har sitt vitenskaplege laboratorium.

Av handlar i seinare tid med grn. Øyre eller parsellar av garden tek vi her elles med at i 1916 kjøpte så brørne Johan og Hans Flaten grn. 30 brn. 4 Flaten av skyld 0,40 mark. Grn. 30 brn. 5 Smidjestykket av skyld 0,04 mark vart i 1917 selt til Arve Frøysland, og Ole Thorvaldsen kjøpte seinare dei to bruksnr. 7 og 8 Viklund og Vika av samla skyld 0,07 mark. Vidare tilhandla Reidar Stinterud seg i 1937 brn. 9 Stinterud av skyld 0,51 mark. Året etter kjøpte i 1938 Audun Lauritzen brn. 10 Hagen av skyld 0,02 mark, og Sigurd Rise kjøpte grn. 11 Rabben av skyld 0,09 mark, året derpå vart i 1939 grn. 30 brn. 12 Heggeli, skyld 0,04 mark, selt til Magne Kleiven, og grn. 30 brn. 13 Hasli vart samtidig selt til Trygve Brettengen. Same året kjøpte og enka etter Karl H. Lundgaard, enkefru Anna Lundgaard hovedbruket grn. 30 brn. 1 Øyre, da av skyld 21,81 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 seks bruk under grn. 30 Øyre med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar)

Dei 6 gardsbruk var:

- a. Grn. 30 brn. 1 Øyre med eit jordbruksareal på ca. 235 mål, som Anna Lundgaard var eigar og Reinhardt Riise var brukar av.
- b. Lilleengen, jorbruksareal ca. 15 mål, som Anna Lundgaard var eigar av og Johs. Evensen brukar av.
- c. Grn. 30 brn. 2 Søndre Stranden skole, jordbruksareal ca 15 mål, som Fåberg kommune var eigar av og lærar Mathias Sveum var brukar av.

- d. Grn. 30 brn. 8 Viklund, jordbruksareal ca.10 da, som da Ole Thorvaldsen var eigar og brukar av.
- e. Grn. 30, 31 brn. 4, 6 Flaten, jordbruksareal ca 40 mål og med Hans Flaten som eigar og brukar
- f. Grn 30 brn. 9 Stinterud, jordbruksareal ca. 15 mål og som Reidar Stinterud var eigar og brukar av

I 1943 var det svigersonen Reinhardt Riise og gift med Karen Lundgaard som hadde tatt over og var husbondsfolk på Øyre. Dei hadde da 3 born, nemleg:

- a. Karl Lundgaard Riise f. 1938,
- b. Marit Riise f. 1940
- c. Kari Riise f. 1943.